



Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tonje Katrine Vaage, 33371109

Fråfall av motsegn - kommuneplan - arealdel - Vinje

Vi viser til oversending frå Vinje kommune datert 03.12.2025.

Saka gjeld

Saka gjeld forslag frå Vinje kommune for løysing av motsegn fremja av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark til forslag til kommuneplanens arealdel for Vinje. Planforslaget ble sendt på høyring og offentleg ettersyn 30. mai 2025. Statsforvaltaren ved miljødirektøren fremja motsegn til to område i planen i vårt brev datert 29. august 2025. I etterkant av vårt brev har Statsforvaltaren ved miljøavdelinga og kommunen hatt dialog om moglege løysingar for motsegna. Kommunen har sendt over sitt forslag til løysingar i sitt brev av 03.desember 2025, og i e-post datert 19.desember 2025. Andre faglege råd og merknader som vi ga i vår uttale vil kommunen arbeide vidare med seinare i prosessen.

Vurdering av forslag til løysing av motsegn

Område B5 – Rauland

Statsforvaltaren ved miljødirektøren fremja motsegn til område B5 – Rauland av omsyn til klima. Området ble foreslått endra frå LNF- spreidd bustad og LNF-formål til bustadformål. Området er på omtrent 53 daa, og ligg ved Rauland sentrum, rett utanfor definert tettstadgrense. Av kartløyisinga Kilden frå NIBIO går det fram at området som er avsett til bustadformål er i konflikt med omtrent 2 daa djupmyr. Forslaget ligg og tett på førekomstar av myr både mot nord og vest mot Liåi.

Miljødirektøren vurderte at endring av myrarealet til bustadformål var i konflikt med viktige nasjonale klimaomsyn. Myr er den arealtypen av karbonrike areal som har høgast utsleppsfaktor per dekar, og det å sikre at myr og våtmark ikkje blir bygd ned er dermed eit viktig tiltak for å redusere klimagassutslepp i kommunen. Myr og våtmark kan også dempe effektane av klimaendringar, og er viktige areal å sikre for klimatilpasning i framtida. Miljødirektøren vurderte også at forslag til føresegner punkt 1.8 bokstav c ikkje i tilstrekkeleg grad sikra myrområde som ble satt av til utbyggingsformål.

Av oversendt brev med forslag til løysing av motsegna går det fram at kommunen ikkje ønsker å justere på arealformålet i kart, men heller endre føresegner punkt 1.8 bokstav c slik at omsynet til



myr blir sikra. Det nye forslaget til føresegner sikrar mellom anna at myrområde skal bli kartlagt, alternativ skal vurderast, og konsekvensane av inngrepet skal greiast ut, ved utarbeiding av planframlegg eller søknad om tiltak som kan påverke slike areal. Vidare er det også foreslått at inngrep i myr og andre våtmarksområde skal vere forbode dersom tiltaket fører til skade på areala si økologiske funksjon og evne til karbonlagring. Miljødirektøren har forståing for ønsket til kommunen om å vente med konkret kartlegging av myr- og våtmarksareal på eit meir detaljert reguleringsplannivå. Etter ein vurdering av alle momenta i saken og forslag til revidert arealdel i sin heilheit, vurderer miljødirektøren at dei nye forslaga til føresegner punkt 1.8 og framlegg til revidert kulepunkt 4 i punkt 1.18 vil sikre omsynet til viktige karbonrike areal i kommunen i tilstrekkeleg grad.

Område FTU4 – Haukeliseter

Statsforvaltaren ved miljødirektøren fremja motsegn til område FTU4 – Haukeliseter av omsyn til villrein. Området ble foreslått endra frå LNF-formål til fritids- og turistformål i tråd med vedtatt reguleringsplan for E134 Vågsli (planID 20160004, vedtatt 16.05.2019). Haukeliseter Fjellstue ligg innanfor Setesdal Ryfylke villreinområde, på grensa til Hardangervidda villreinområde. Området er omfatta av *Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei* (Heiplanen). Etter Heiplanen ligg området i omsynssone nasjonalt villreinområde, og tiltaket ligg også delvis innanfor omsynssone trekkområde.

Miljødirektøren vurderte at føresegna til det nye arealformålet i tilstrekkeleg grad ikkje sikra omsynet til villrein, da det ble opna for ei uavgrensa utvikling av areala. Det ble foreslått at motsegna kunne bli løyst ved å skjerpe inn føresegna til FTU4, slik at det ikkje blir opna for utviding av overnattingstilbod eller andre tiltak eller aktivitetar som kan påverke villreinen og deira trekkområder negativt utover den drifta som er der i dag.

Kommunen har diskutert ulike metodar for å kunne løyse motsegna. Av brevet med forslag til løysingar går det fram at spørsmålet om å avgrense kapasiteten på overnatting allereie ble diskutert i administrasjonens arbeid med å laga framlegg til KPA til fyrste gongs handsaming. Av ulike årsakar valte administrasjonen å ikkje inkludere eit krav om maks overnattingskapasitet, men heller å lage andre føringar som skal teke i vare omsynet til villreinen. Kommunen foreslår nå å løyse motsegna ved å ta FTU4 ut av plankartet, og legge det inn med formål LNF2 med tilhøyrande føresegner (punkt 5.2).

Konklusjon

Miljødirektøren har vurdert forslaga til kommunen for løysing av motsegna til område B5 – Rauland og FTU4 – Haukeliseter, og finner at forslaga i tilstrekkeleg grad etterkomar motsegna våre til planen. På bakgrunn av dette trekker Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark ved miljødirektøren våre motsegn, gitt at planen blir vedteken med dei endringane som er foreslått.

Vi ber om kopi av endeleg vedtak i saken.

Med helsing

Grethe Helgås (e.f.)
direktør - miljøavdelingen

Tonje Katrine Vaage
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Telemark fylkeskommune
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet
Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Postboks 2844

3702

SKIEN